

Årsmelding 2013

Styret

I styret har vore: Per Øen (leiar), Idar Nygård (nestleiar), Tore Saur (kasserar), Paul Hatledal (sekretær), Jan Bakke (styremedlem), Siv Kristensen (styremedlem).

I tillegg har leiar i ungdomsutvalet, Alf Muldsvor, møtt fast på styremøta.

Oversikt over tillitsvalde er vedlagt årsmeldinga.

Konstituerande årsmøte for Hornindal og Markane skyttarlag vart halde den 13. mars 2013 på miniatyrbana.

Laget har hatt 7 styremøte og handsama i alt 70 saker.

Hovedkomiteen for Skifelt-NM hadde jamnleg møter fram til oppsummeringsmøtet.

Markane skyttarlag hadde leiar Per Øen og dåverande sekretær Jan Bakke, som utsendingar til Nordfjord Skyttarlag sitt ombodsmøte for 2012.

Det er halde møte med Sudstranda skyttarlag om bruk av Sindre skytebane, og med grunneigar om ny festekontrakt på baneområdet.

Leiar i ungdomsutvalet, Alf Muldsvor, var til Skei på ungdomsleiar kurs.

Leiar Per Øen deltok på kurs om spelemiddelsøknader på Nordfjordeid.

Arrangement

Det store løftet i 2013 for nystarta Hornindal og Markane skyttarlag, var NM Skifelt som vart arrangert i Grendadalen under strålande forhold 12. og 13. april. Start og innkost var ved varmestova på Hornindal Skisenter.

På Sprinten fredag ettermiddag deltok 70 løparar. Bestemannsprisane gjekk til Karoline Erdal, Førde, og Trygve Aaland Tryggestad, Sunnlyven, begge i klasse EJ.

Klassevinnarar frå eige lag var Simon Hjelmeset Kirkeeide i kl. R – gutar, Gaute Bø i kl. J – gutar, og Knut Lillestøl V65+.

I tillegg vann Æresmedlem i laget, Jarle Tvinnereim, Skyttarklassen.

Under Normalprogrammet laurdag triumferte Ole Martin Erdal frå Førde, og sikra seg kongepokalen. Dameklassen vart vunnen av Heidi Skaug, Isfjorden og Åndalsnes.

Einaste klassevinnar frå arrangørlaget var Knut Lillestøl i V65+.

Det deltok 71 løparar.

Vi fekk mykje lovord for måten vi avvikla meisterskapen på. Takka vere stor dugnadsinnsats og velvilje sponsorar, ser det ut til at vi også sit igjen med eit flott overskot. (Sjå avsnitt om økonomi) Trur og eg har alle med meg når eg rettar ein spesiell takk til Paul Hatledal, som kom inn som leiar i organisasjonen på eit kritisk tidspunkt, og som på tross av tragiske omstende i heimen, sto løpet ut. Takk, Paul!

I tillegg til NM Skifelt har vi arrangert ope miniatyrstemne («Vintertreffen») med rundt 100 deltakarar.

Olsokstemne samla i år i overkant av 200 deltakarar, og vart gjennomført på ein god måte trass i utfordrande vertilhøve med lyn og torden på fleire av konkurransedagane.

Ein av dei store skyttarane på 70-talet, Kristian Djuvsland, var tilbake på «gamle» trakter, og vart via litt ekstra oppmerksomheit.

Vinnar av stemnet vart Bertel Odne Mjelle frå Hyen, medan Ivar Fivelstad, Sunnlyven, vann Olsokskytinga.

Sindre skytebane stadfesta nok ein gong at den er blant landets beste angående resultat med heile 5 skyttarar som fekk 350 p. på 100 m.

Det har vore arrangert treningssamling i skogsløp på Sindre med 9 delt. og aktivitetskonkurranse i same disiplin med 20 delt.

Lagsskyting har vore halde både i Miniatyr og på Bane.

Anlegg

Vanleg vedlikehald har vore gjort både på Sindre og Ytrehorn. På Sindre har vi hatt litt problem med sundskotne leidningar og sensorar. Heilt på tampen fekk vi feil i ein koplingsboks på standplass, noko som skapa litt haudebry.

På Ytrehorn er det bak minityrhallen sett opp eit kaldt-lager for bl. a. feltmateriell. Stor honnør og takk til Idar Nygård for realisering av dette prosjektet som har vore snakka om i mange år.

Veggar og tak på 200m-standplass vart kledd oppatt, og underlagsmatta på Ytrehorn var flytt til Sindre på 100 m. Det skal kjøpast ny på miniatyrbana.

Ein har også mistanke om at sirkulasjonspumpa for golvvarmen er moden for utskifting.

Uteområdet har vore klipt med jamne mellomrom, og før Olsokstemne vart det gjort litt meir omfattande rydding.

Gjerdet rundt baneområdet vart reparert i vår slik at ein denne sommaren slapp «gjester» på plenen.

Det vart kjøpt inn «godkjende» søppelsekkar som kan leverast saman med hytte- og bedriftsrenovasjonen. Dette gjer det enklare å bli kvitt til dels illeluktande avfall.

Bingo-/kiosknemnda vaska før bingoane nå det var nødvendig.

Vi har fått signal frå Malvin Muldsvor om at han kan ta plastringa av elva i haust. Då vil vi og kunne få ut naturskademidlane frå 2011.

Nyleg var anleggsrådgjevar DFS på synfaring vedkomande planar on rehabilitering av standplassane på Sindre. Med atterhald om årsmøtet si godkjenning, vil styret arbeide vidare med planane som først og fremst har som formål å betre støydempinga.

Deltaking stemne/Resultat

Rekrutteringsarbeidet vi har drive, viser igjen på resultatlistene, samstundes som eit større miljø gjer det meir gjevande å reise på stemne også for dei eldre.

Her er ei kort oppsummering:

- Miniatyrstemne Eidsbygda, Haugen, Norbygda/Rand, Stryn, Sunnlyven, Hornindal og Markane
- Samlagsstemne Miniatyr i Svelgen med 6 delt. Alf Muldsvor samlagsmeister kl. 2
- Banestemne Eidsbygda, Haugen, Bryggja, Volda, Stryn, Sunnlyven, Hornindal og Markane.
- Samlagsstemne bane i Hyen med 16 delt. (8 frå rekruttklassane) Alf Muldsvor samlagsmeister kl. 2
- Feltstemne Eidsbygda, Haugen
- Samlagsstemne felt Nordbygda/Rand med 11 delt. (8 i rekruttklassane) Kåre R. Haugen samlagsmeister kl. 1
- Samlagsstemne skogsløp m/skyting Nordbygda/Rand 5 delt. (4 frå rekruttklassane) Bjørn Ove Muldsvor samlagsmeister ER
- Landsskyttarsetemne på Oppdal med 5 delt. Bjørn Ove Muldsvor skaut 26/23 på felt og 246 på bane. Bjørn Ove deltok for Nordfjord under Samlagsskytinga og fekk 100p. med 8 innertiarar. Flott levert!!
Knut Lillestøl kom til feltfinalen i kl. V65
- Toyota-cup med to klassevinnarar, Kåre R. Haugen i kl. 1 og Alf Muldsvor i kl. 2.
- Sunnmørstreffen, 4 banestemne på ei veke (Sykkylven, Ålesund, Engesetdal/Skodje, Ørskog) Kåre R. Haugen vinnar kl. 1
- Lagsskyting; Andreas Solvik lagsmeister både i miniatyr og på bane. I miniatyr var det heile 25 delt. med.

Aktivitetar

Jæger-cup vart arrangert også i år med auka deltaking. Gode resultat som viser igjen på prøvetaking i og med at eit fåtall måtte ha meir enn eitt forsøk.

Nytt av året var klasse for finkaliber. Der var ikkje så mange deltakarar, men eit positivt tiltak som vil bli vidareført.

Dessverre fekk ein ikkje arrangert Årets jæger i 2013. Dette var litt synd fordi mange etterspør det, og nye premiar vart kjøpt inn i fjor.

Vi gjer eit forsøk på å få avvikla to konkurransar i 2014.

Treningar for yngre vart halde 2 kveldar for veka fram til 13. juni då det var avslutning med sosialt samvere og grilling.

Laget hadde med 7 deltakar på Nordfjord skyttarsamlag si treningssamling på Hunvik-fjellet, og mange av desse var også med på samlinga i skogsløp m/skyting på Sindre.

Det har også vore treningar for senior og veteran.

Dugleiksmerkeskyting og skyting for N.A.I.S.-medaljen vart gjennomført.

Utleige

Anlegget på Sindre har også i år vore leigt ut ein del. Dei største samlingane var det vel Montasjeavd. i Tussa Nett, og Stryn Jæger og Fisk som stod for.

Sudstranda skyttarlag har leigd bana 4 kveldar til jaktprøvetaking.

På miniatyrbana hadde vi ein motorsykkelgjeng frå Hjelnes Consult som både skaut og fekk servering. Avgangsklassen på Hornindal skule leigde opphaldsrom og kjøken på miniatyrbana natt til 1. Mai og natt til 17. Mai

Sosialt

Vi inviterte i sommar alle som har vore med på dugnad eller vore funksjonærar, til fest på Sindre.

Berre rundt 20 personar møtte fram, sjølv om skyttarlaget spanderte både mat og drikke.

Stor takk til Erna Tisthamar og Eldbjørg Hatledal for hjelpa med grilling og servering.

Det vart vist flotte, lokale naturbilde på storskjermen. Litt hesteskokasting vart det også.

Seinare i haust vert det Open Dag på miniatyrbana med bl. a. premieutdeling for lagsskyting.

Økonomi

Som nemnt tidlegare i meldinga, så vart NM Skifelt ein økonomisk suksess. Dersom vi får inn alle uteståande krav, viser rekneskapen eit overskot på 130.646,-.

Bingoen har stabilisert seg på fjordårsnivået, så det er god grunn til å halde fram med dette arrangementet. Men ein del av dei som er oppsette som funksjonærar, må ta meir ansvar ved å skaffe stedfortredar om dei ikkje kan møte sjølve. Det er ikkje leiar i laget som skal gjere det! Det blir laga til instruks for bingonemnda, og for kvar enkelt funksjon under bingoen, slik at ingen skal vere i tvil om oppgåvene sine.

Den etterlengta erstatningssummen på vel 80.000,- frå Gjensidige for lynskaden i 2011, hjelper også godt på.

Elles så er det vanskeleg å lese eit normalt driftsår utifrå tala i rekneskapen i og med at NM Skifelt ligg inne.

Samla kjem vi ut med ei inntektsside på 504.499,70, medan utgiftene vert på 336.531,82.

Tek vi så med renteinntekter, vert årsoverskotet på 176.805,16.

Anna

På siste styremøte i det «gamle» laget vart det gjort vedtak om å tildele Andreas Solvik

Æresmedlemsskap i Markane skyttarlag. Andreas har vore med i styret i over 30 år med fleire år som

leiar, og nokre år som kasserar. Han har også lagt ned eit stort arbeid på bana, og vore sentral i dei fleste arrangement laget har hatt.

Heile tida har han også vore aktiv skyttar.

Overrekkinga fann stad i forkant av det Konstituerande Årsmøtet 13. mars.

I sommar lyste vi ut konkurranse med tanke på logo til det «nye» skyttarlaget. Rundt 10 framlegg har kome inn. Dei vil bli presenterte på årsmøtet, og så vil styret ta med seg eventuelle signal og arbeide vidare med saka.

Etter samanslåinga vedtok vi å endre Heimesida vår til den DFS-baserte løysinga. For lekfolk tek det litt tid å sette seg inn i det nye, men det er nok eit fornuftig val.

Oppgåver i året som kjem

Slik eg ser det, vert den største oppgåva å halde på dei skyttarane vi har rekruttert, samstundes som vi får med nye. Dersom styret sitt framlegg til subsidiar blir vedteke, er det inga stor økonomisk belastning for dei yngste å drive med skyting.

Vi har også fått innvilga søknad om midlar frå Frifond som vi vil bruke til ombyggingssett kal. 22 samt litt skytekle og anna nødvendig utstyr.

Men å drive rekruttering/opplæring av nye skyttarar er ei krevjande oppgåve. Det å gje hjelp og rettleing på stemne, krev meir enn ein leiar. Difor håper eg at påmelding til skytestemne det komande året vert samordna godt slik at fleire vaksne kan tre støttande til om det trengst.

Med attarhald om årsmøte si godkjenning, vert det arbeidd vidare med planane om rehabilitering av Sindre skytebane. Dette vil ikkje føre til store kostnader komande år, formålet er å ha klar teikningar, kostnadskalkyle og finansieringsplan med tanke på spelemiddelsøknad hausten 2014. Det vert halde medlemsmøte for å presentere ei grov-skisse, og for å få innspel. Seinare vert det for eit Ekstraordinært Årsmøte å ta stilling til om ein skal halde fram med planane.

Grunnlaget er også lagt for ein ny avtale med Gunnhild Sindre/Egil Syversbråten. Sindrebruket er som tidlegare, positiv til skyttarlaget sin aktivitet, og eg trur ei betre støydemping, vil føre til ein ny kvardag for dei næraste naboane til skytebana.

Planlagde arrangement i 2014 er eit miniatyrstemne, samlagsstemne i skifelt og sjølvsgt Olsokstemne.

Bedriftscupen har vore etterspurd, så viss vi får nokon til å ta på seg ansvaret så blir den aktiviteten starta opp.

Arbeidet med logo for laget må halde fram. Det- eller dei framlegga styret finn best, vil bli presenterte på medlemsmøte, og seinare på Ekstraordinært Årsmøte.

På Sindre må litt vedlikehald gjerast med skiveanlegga, bl. a. nye frontar og skivegummi på treningsskivene.

Oppgradering av PC'ar og serverar må gjerast før sesongstart. Her er det viktig å få inn fleire datakyndige rundt Jan Bakke som no skal bli leiar. Han kan ikkje bli belasta med alt dette! Det gjeld både den årlege oppdateringa, og alt arbeidet i samband med stemne.

Finvern for sikring av datautstyret må kjøpast inn, og ein bør vurdere å byte ut dei stasjonære PC'ane med nye, berbare.

Vi bør også få kartlagt datanettverket vårt og merkt alle leidningar og kontakter.

Avslutning

Eg føler at det «nye» skyttarlaget har fått ein bra start, men vi er sårbare med tanke på kor få som er villige til å ta på seg verv i laget. Eg trur at dette blir ein avgjerande faktor med tanke på kva

aktivitetsnivå vi skal legge lista på. Elles slit vi ut dei eldsjelene vi har, og då ramlar det i hop som eit korthus.

Det å vere medlem i skyttarlaget gjev den einskilde mange fordelar, men der er også plikter. Dette må alle medlemmane ta innover seg!

Til slutt ein stor takk til alle som har vore med og gjort ein jobb for skyttarlaget, både styret, nemndene og alle funksjonærane og dugnadsfolka. Vi er alle like viktige!

Takk også til Jarle Tvinnereim som er god å ha å konsultere når vi lurar på noko.

Då takkar eg for meg, og overlet klubba til Jan Bakke. Lukke til med arbeidet!

Hornindal 22. oktober 2013

Per Øen
leiar